

Samferdselsdepartementet

Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
18/02710-1

Dato:
23.03.18

Høyringsinnspel - ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 2020

Eit godt flytilbod ved Sogndal lufthamn Haukåsen er svært viktig for Høgskulen på Vestlandet (HVL). Høgskulen er stor forbrukar av flyreiser, og dagens tilbod er ikkje godt nok med tanke på å byggje ein konkurransedyktig og integrert høgskule som har ambisjonar om å tene heile Vestlandet. Samanslåinga av dei tre tidlegare høgskulane i Stord/Haugesund, Bergen og Sogn og Fjordane til Høgskulen på Vestlandet har medført auka reiseverksemd. HVL med 3000 studentar og 300 tilsette ved Campus Sogndal er avhengig av eit godt og påliteleg flytilbod ved Haukåsen Lufthamn for å vera ein konkurransedyktig lærestad.

Vi meiner dette må til for å dekke desse behova:

Nattstasjonerte fly

Utan nattstasjonerte fly, må det lande fly på Haukåsen før morgonflyet kan ta av. Det skapar mykje forseinkingar og kanselleringar, særleg om vinteren. Dette gjer at reisande frå Sogn ikkje torer å stole på at morgonflyet går. Dei reiser alternativt, eller tek kveldsflyet dagen før.

Med nattstasjonerte fly, vil regulariteten bli langt betre. Vi vil få sikre avgangar på morgonen. I tillegg vil det bli fleire plassar til rådvelde frå Sogndal, utan halvfulle fly frå Sandane. I dag er morgonflyet ofte fullt frå Sogndal, og mange må reise på andre tider eller på andre måtar. Stabile avgangar på morgonen vil gi auka etterspurnad.

Returruter som gir ein normal arbeidsdag

Tilsette ved Campus Sogndal har mange dagsturar til Bergen og Oslo, ikkje minst til Bergen etter fusjonen til HVL. I dei aller fleste tilfelle er det eit sterkt ønske om å reisa heim i rimeleg tid etter at vanleg arbeidstid er over. I dag er første mulegheit kl 2000 både frå Bergen og Oslo, og då er ein i beste fall heime kl 2130. Det gir svært dårlege vilkår for familieliv eller for deltaking i ulike fritidsaktivitetar. Tilsette ved Campus Sogndal har brukt det dårlege flysambandet til Bergen som argument mot å ta på seg leiaroppgåver med personalansvar på tvers i organisasjonen.

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
HiSF Seksjon for
utdanning

Saksbehandler
Terje Erik Bjelle
Telefon: 99168189

Returfly-tilbudet til Sogndal i dag gjer det også vanskelig å korrespondere med andre fly, både innland og utland.

Fleire direkteruter

Folk vil ha direkteruter. Mellomlandingar tek unødvendig mykje tid og folk vel alternative reisemåtar. Det ser vi tydeleg etter at direkteruta til Oslo kl. 13.30 vart fjerna. Dette har vore den best nytta flyginga frå Haukåsen. I desember 2017 begynte denne ruta å gå om Florø, og auka flytida frå 50 minuttar til 1 time og 55 minuttar. Dette har nesten halvert trafikken på denne avgangen.

Det same ser vi i helgane. Å fly til Oslo laurdag via Ørsta/Volda tek 1 time og 50 minuttar, og blir ikkje eit godt alternativ. Folk tek heller bilen. Det går ingen fly til Bergen på laurdagar.

Med dette ber vi om at det blir sett vilkår om nattstasjonert fly ved Sogndal lufthamn Haukåsen i komande konsesjonsrunde, at returrutene gir betre vilkår for dagsturar til Bergen og Oslo og at vi får fleire direkterutar til og frå Sogndal.

Dette handlar om å skape vilkår for vekst og velferd i regionen vår.

Med hilsen

Bjørg Kristin Selvik

Prorektorfor utdanning

Terje Erik Bjelle

Avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.

Kopi til: Sogn og Fjordane fylkeskommune

